



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Vår dato  
20.11.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/11326 471  
Dykkar referanse

Indre Hordaland Miljøverk  
Postboks 161  
5701 VOSS

### Rapport frå inspeksjon ved IHM Bjørkemoen Avfallsdeponi 23. september 2014

Rapportnummer: 2014.015.I.FMHO

#### Til sated ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Ellen T. Astrup  
Grethe Sjøberg Hernes  
Gunnar Bråten

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Astrid Holte  
Hallvard Hageberg

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Overvaking og sigevasskontroll
- Mottakskontroll
- Handtering av deponigass

Vi har gitt 1 merknad.

Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Indre Hordaland Miljøverk IKS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mars 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Astrid Holte e.f.  
senioringeniør

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Voss kommune, Postboks 145, 5701 Voss

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Indre Hordaland Miljøverk IKS	<b>Risikoklasse:</b> 2
<b>Besøksadresse:</b> Bjørkemoen 60, 5709 Voss	
<b>Postadresse:</b> Postboks 161, 5701 Voss	
<b>E-post:</b> ihm@ihm.no	<b>Telefon:</b> 56529900
<b>Kommune:</b> 1235 Voss	<b>Organisasjonsnr.:</b> 874 834 742
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	<b>Eigar (org.nr.):</b> 971 155 876
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 06.01.2010	<b>Siste tilsyn:</b> 01.10.2009

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Siste tilsyn ved IHM Bjørkemoen var i 2009, og det er i 2014 gjennomført ny tilsynsaksjon ved avfallsdeponi i drift i Hordaland.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Oppsamling og handtering av deponigass
- Oppsamling og handtering av sigevatn
- Miljøovervaking
- Mottakskontroll
- Risikovurdering, internkontroll

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. mars 2015** sende ei skriftlig tilbakemelding som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. mars 2015**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

## 4. Kontrollgebyr

Indre Hordaland Miljøverk IKS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 og varsel i e-post den 18. september 2014. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 2. Dette betyr at de skal betale 15 600 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 9 med vedlegg og kapittel 11
- forureiningsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve av 29. juni 2009

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** noko som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Overvaking og vurdering av vassbalansen for sigevatn har manglar

#### Avvik frå:

Løyve til drift av Bjørkemoen avfallsdeponi av 29. juni 2009 punkt 8.3. om oversikt over vassbalanse

Løyvet punkt 8.4 om overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn

#### Kommentar til regelverket:

Program for overvaking av sigevatn, overvatn og grunnvatn og eventuelle endringar i dette skal godkjennast av Fylkesmannen.

Vedlegg III til avfallsforskrifta tar for seg kontroll- og overvakingsprosedyrer for deponi både i drifts- og etterdriftsfasen, og her går det fram at det også skal takast blandprøver for parameter som eignar seg for slike prøver. I rettleiaren for overvaking av sigevatn (TA-2077/2005), punkt 3.2.2, er det gjort greie for kva for parameter som ikkje er eigna for blandprøver.

I følge punkt 8.3 i løyvet skal det lagast eit årleg oversyn over utviklinga ved deponiet. Det skal også, basert på resultat frå annan overvaking, lagast eit «rekneskap» for vassbalansen ved deponiet.

Ein slik vassbalanse skal gje eit teoretisk bilede av diffus avrenning (lekkasje av sigevatn) frå deponiet, der ein tar inn faktorar som avdamping, nedbør/temperatur, endringar på deponioverflata (vegetasjon, tette flater, nye deponiområde), eventuell returpumping, utslepp av sigevatn etter rensing, m.v. Sjå kapittel 5.1 og vedlegg 3 til Rettleiar for overvaking av sigevatn (TA-2077/2005).

Teoretisk vassbalanse kan så samanliknast med overvakingsresultata for same året for å vurdere behov for nærare undersøkingar eller andre tiltak. Slike vurderingar bør inngå som ein del av den årlege eigenrapporteringa.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

*Overvaking og oversikt over vassbalanse*

Overvakingsprogrammet samsvarer ikkje med Vedlegg III til avfallsforskrifta fordi det ikkje er teke blandprøver for dei parametranne som eignar seg for dette.

Ein brønn for grunnvatn ovanfor deponiet var ikkje teken i bruk på grunn av praktiske vanskar med plassering. Etter det vi kan sjå er dette ikkje omsøkt eller godkjent av Fylkesmannen.

Verksemnda har ikkje laga eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

#### **Avvik 2: Handtering av deponigass er mangelfull**

##### **Avvik frå:**

Løyvet punkt 5 om deponigass

##### **Kommentar til regelverket:**

Deponigass skal samlast opp for energiutnytting, alternativt fakling, frå alle deponiceller med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonert, byggjast og drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial.

Verksemnda skal regelmessig vurdere effektiviteten til gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak. (Løyvet punkt 5).

##### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

IHM Bjørkemoen har oppsamlingsanlegg for deponigass. Verksemnda kunne ikkje dokumentere kor mykje gass som teoretisk vert produsert i deponiet i dag opp mot kor mykje som vert tatt ut i anlegget, og vurdering av utviklinga over tid. Det var gjennomført prøvepumping og utrekning av gassmengder i 2002.

### **Avvik 3: Mottakskontrollen har manglar**

#### **Avvik frå:**

§ 9-11 i avfallsforskrifta, jf. vedlegg II til same forskrifta  
Løyvet punkt 2.1 om registrering og kontroll ved mottak av avfall

#### **Kommentar til regelverket:**

I § 9-11 i avfallsforskrifta går det fram at avfall som skal på eit deponi skal oppfylle kriteria som er lagde til grunn i løyvet til deponiet. Deponiet på Bjørkemoen er eit deponi for ordinært avfall, jf. § 9-5 i forskrifta. Alt avfall som vert deponert skal vera basiskarakterisert, slik det går fram av punkt 1.1 i Vedlegg II til avfallsforskrifta, jf. punkt 2.1 i løyvet. Nokre avfallstypar skal også testast, sjå pkt. 1.2 i Vedlegg II.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Avvatna slam frå eige renseanlegg for sigevatn vert lagt på deponiet. Dette slammet er ikkje basiskarakterisert i samsvar med avfallsforskrifta med vedlegg.

Mottakskontrollen skal sikre at alt avfall, også eige avfall som slam frå sigevassreinsing, er basiskarakterisert ved mottak. Dersom karakteriseringa viser at avfallet ikkje kan deponerast på Bjørkemoen innafor gjeldande løyve, må verksemda eventuelt søkja om endring av løyvet.

## **8. Merknader**

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1: Sorteringsområde ved tipp er ikkje skjerma mot ver og vind**

#### **Kommentarar:**

Sortering av avfall går føre seg utandørs. Utan skjerming mot ver og vind kan mengdene flygeavfall auka, og farleg avfall som vert sortert ut kan bli liggjande utandørs i lengre tid.

Under tilsynet såg vi at avfall som kunne vera farleg avfall (m.a. treverk) var sortert ut og lagd til sides. Kor ofte slikt utsortert avfall vart fjerna og korleis det så vart lagra var ikkje diskutert under tilsynet.

Løyvet til IHM Bjørkemoen omfattar drift av både sorteringsplass for avfallskontroll og mellomlager for utsorterte avfallsfraksjonar utan at det er sett særlege vilkår for dette, jf. punkt 7 i løyvet. Men verksemda er pålagt å sikra seg at handtering og lagring ikkje fører til forureining eller nærmiljøulempar.

Utsorterte avfallsfraksjonar som skal sendast vidare eller handterast på staden må lagrast og handsamast slik at avfallet ikkje vert øydelagt eller tapar verdi for gjenvinning eller ombruk.

Det finst fleire anlegg som har som hovudaktivitet å ta mot næringsavfall, sortera det og senda vidare til ulike former for gjenvinning. Desse anlegga har alle løyve frå Fylkesmannen, og all handtering av avfall går føre seg innandørs på tett dekke. IHM Bjørkemoen må vurderer om de skal søkja om tilsvarande løyve for denne aktiviteten.

For farleg avfall må ein også sikra at reglane i kapittel 11 med vedlegg er overhaldne.

Dette punktet kan bli teke opp ved seinare tilsyn.

## **9. Anna**

Energiproduksjonen ved gassanlegget hadde vore ute av drift i store deler av 2013. Ny motor var i følgje eigenrapporten for 2013 installert i februar 2014.

Ein overflatebrann ved tippet 26. august i år vart meldt til Fylkesmannen 29. august, der det også vart gjort greie for tiltak med gjennomgang av rutiner og internkontroll. Hendinga vart ikkje grundig handsama under tilsynet, men kan bli tema ved seinare tilsyn.

Fylkesmannen har no avklart at lagring av kompostert slam over 3 år krev løyve frå Fylkesmannen etter deponiforskrifta kapittel 9. IHM må vurderer om de treng eige løyve til dette saman med tilbakemelding på tilsynet. Dersom det skal nyttast meir slam til endeleg avslutning enn det som går fram av § 27 i forskrift om organisk gjødsel (15 cm ved bruk til toppdekke på avfallsfyllingar) må dette gå fram av avslutningsplanen.